



Notat til hjelp i sakshandsaminga av vanleg produksjon - sau

Å drive vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår for å motta produksjonstilskot og avløyartilskot jf. *Forskrift om produksjonstilskudd og avløyertilskudd i jordbruket § 2.Grunnvilkår*
<https://lovdata.no/forskrift/2014-12-19-1817>

Føretak som ikkje oppfyller kravet om vanleg jordbruksproduksjon i ein eller fleire produksjonar, har ikkje krav på produksjonstilskot (for den produksjonen). Produksjonen skal ha eit næringsmessig preg. Krava til kva som kan definerast som vanleg er konkretisert for nokre produksjonar, sjå kap. 2.3 i rundskriv 2019-34

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/aktuell-soknadsomgang/attachment/76330?ts=16d639c26e8&download=true>

Krav til vanleg produksjon for sau

Nedanfor finn de ei oppsummering om rettleiande krav til vanleg jordbruksproduksjon. Det skal gjerast ei heilskapsvurdering av det enkelte føretaket. Kjøtt er hovudproduktet i sauehaldet, men låg omsetning av kjøtt kan i visse tilfelle kompensereast med høg omsetnad av andre produkt, til dømes livdyr og skinn.

Krav til produksjonen:

- Vaksne søyer, som ikkje skal utrangerast, skal parast
- Det er normalt å pare påsettlam, men dette er ikkje noko krav
- Reproduksjonsgraden skal ikkje vera lågare enn 50 % av landsgjennomsnittet frå Sauekontrollen for den aktuelle sauerasen
- Slaktevektene på lamma skal ikkje vere lågare enn 70 % av gjennomsnittet for den aktuelle rasen
- Slaktevekt på vurderast mot avdråtten per søye, då høgt lammetal vil gi lågare slaktevekter

Vi legg også til grunn at hovuddelen av lamma skal vere slaktemodne om hausten.

Gamalnorsk sau – sau på heilårs utedrift

Sau på heilårsbeite/full utedrift på lynghei er ein spesiell produksjon som utnyttar utmarksressursane på kysten. Denne drifta vert ofte kalla villsaudrift, men dette er husdyrhald med krav til dyrevelferd og produksjon som andre husdyrproduksjonar.

Gamalnorsk sau er tilpassa denne driftsforma, dyra er små og nøysame. Reproduksjon og slaktevekt vert i stor grad påverka av kvaliteten på beiteareala og husdyrdrifta. Dei skrinne beiteområda på kysten har låg produksjonsevne. Det kan difor setjast eit anna krav til reproduksjon og avdrått på gamalnorsk sau i kystlynghei enn til sau i betre beiteområde.

Føretak med gamalnorsk sau med heilårs utedrift bør ha slik drift:

- Lam med slaktevekter på 9 -10 kg om hausten
- Vaksenvekter levande dyr på 32-38 kg



- Ikkje paring av lamma
- Lammetal ned mot 1 lam per søye
- Kontroll på lammetidspunkt om våren
- Det vert forventa at produksjonen skal ha eit næringsmessig preg der leveransar frå produksjonen skal stå i samsvar med tal dyr som det er søkt tilskot for
- Dyretalet må tilpassast beitegrunlaget

Føretak med gamalnorsk sau med heilårs utedrift i kystlynghei er ei ekstensiv drift som ofte vil kome ut med informasjonsmelding under sakshandsaming i eStil PT. For å ta vare på denne driftsforma er det viktig at sakshandsamarar har kjennskap til drifta og tek omsyn til det når vanleg jordbruksproduksjon vert vurdert. Slaktetidspunkt må også takast omsyn til når vekta på lamma vert vurdert. I tilfelle der søkjar opplyser om at dei har heilårs utedrift, bør det sjekkast med Mattilsynet om dei har løyve til det (fått dispensasjon).

Det må forventast høgare slaktevekt og høgare avdrått for føretak som driv med gamalnorsk sau i andre område enn på kystlynghei, eller om dei fôrar dyra gjennom vinteren. Sau av gamalnorsk spæl og svartfjes som går på kystlynghei, krev noko støtteleføring gjennom vinteren og vil ha høgare slaktevekter og høgare avdrått enn gamalnorsk sau.

Det er ein føresetnad at det er god dyrevelferd i produksjonen. Det er Mattilsynet som forvaltar dette regelverket. *Forskrift om velferd for småfe* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-02-18-160>

Ut frå forskrifta vektlegg Mattilsynet dette ved tilsyn:

- Leskur: I utgangspunktet skal alle dyr ha hus eller tilgang på hus/leskur, men det kan søkjast om dispensasjon. Vanlegvis er dispensasjon avgrensa til hardføre rasar som gammalnorsk sau, gammalnorsk spæl og svartfjes eller tilsvarende hardføre rasar. Klima og området skal vere eigna og gi nok ly og le som til dømes i ytre kystbygder med beiting på lyng. Leskur skal ha minst tre veggjar og tak og dyra skal ligge tørt.
- Tamme dyr: Dette er husdyr, og dei må vere prega på menneske. Dyra skal sankast minst to gonger per år, men skal kunne samlast oftare
- Dyrehaldjournal: Det skal vere oversikt over alle dyra i buskapen, med registrering av tap av dyr, livdyrsal, slakta dyr, sjukdom mm
- Slakteresultat: Slaktevekter
- Tilsyn kvar veke på utmarksbeite, der ein ser minst halvparten av flokken. Tilsynsjournal
- Dyra skal klyppast etter behov og minst årleg
- Dyra skal vere merka med godkjende øyremerke innan 1. juli i samband med vårsamling
- Haldet på dyra
- Styrt reproduksjon: lammetidspunkt tilpassa til når det er mat i beite, skilje frå verar
- Lammetap: parasittar, alveld
- Tilgang på vatn, sjøvatn er ikkje godt nok
- Dyra skal ha nok mat, tilleggsføring om nødvendig



Informasjonsmeldingar om vanleg jordbruksproduksjon i eStil-PT

I eStil-PT vert det gjort kontrollar av søknadsopplysningane mot sentrale register som til dømes leveransedatabasen. Det kjem opp informasjonsmeldingar dersom den registrerte produksjonen er låg. Informasjonsmeldingar for vanleg produksjon for sau er knytt til tre kontrollar i eStil-PT:

1. Føretaket disponerer søyer, men har ikkje slakta lam i perioden

I kontrollane vert lammeslakt i alle EUROP-kvalitetar telt med, inkludert kreperte lam på slakteriet og leigeslakt. eStil-PT hentar slakteinformasjon for perioden frå og med 16. april i søknadsåret og fram til dags dato (det vil sei datoen kontrollen vert køyrt). I kontrollen vert det ikkje skilt mellom rasar.

2. Det er få lammeslakt per søye

Dersom føretaket har slakta færre enn 0,88 lam per søye, tilsvarar det ein reproduksjonsgrad som er mindre enn 50 prosent av landsgjennomsnittet, etter at det er korrigert for 25 prosent påsettlam. Tal på gjennomsnittleg tal lam per søye er henta frå årsmelding om Sauekontrollen (lam om hausten). I kontrollen vert det ikkje skilt mellom rasar.

3. Gjennomsnittleg slaktevekt på lam

eStil-PT hentar slakteinformasjon for perioden frå og med 16. april i søknadsåret og fram til 15. april året etter (eller dags dato i dei tilfella der kontrollen vert køyrt tidlegare enn 15. april året etter). Ei slaktevekt på 12,8 kg er lågare enn 70 prosent av gjennomsnittleg slaktevekt på landsbasis (for lam av alle EUROP-kvalitetar). I kontrollen vert det ikkje skilt mellom rasar.

Meir informasjon om dei maskinelle kontrollane finn de i «*Oversikt over og beskrivelse av maskinelle kontroller i eStil PT*». Oversikta finn de under www.landbruksdirektoratet.no – logg inn – eStil-PT – her finner du beskrivelse av diverse rapporter og kontroller i eStil-PT.

Ver merksam på at søknader som er sett til «*Foreløpig godkjent*» ikkje vert oppdatert med slakteopplysningar frå leveransedatabasen før dei vert gjenopna og sett til «*Under behandling*». Leveransedatabasen er ikkje oppdatert til ei kvar tid. Fristen for rapportering av slakteleveransar til leveransedatabasen er innan den 15. i månaden etter slakting.

Kommunal sakshandsaming

Informasjonsmeldingane i eStil-PT skal vere eit hjelpemiddel i kommunen si sakshandsaming. Sakshandsamar skal gjere ei vurdering av informasjonsmeldinga og avgjere om opplysninga har betydning for sakshandsaminga. Kontrollane er generelle og skil ikkje mellom ulike rasar og produksjonar. Avdråtten kan variere mykje frå rase til rase, og det er difor viktig at produksjonen vert vurdert opp mot gjennomsnittet for rasen. Sakshandsamar må sjølv sjekke om resultatata i føretaket ligg under landsgjennomsnittet for den rasen føretaket har dersom informasjonsmeldingar dukkar opp.

Opplysningar frå Sauekontrollen finn du her: <https://www.animalia.no/globalassets/sauekontrollen---dokumenter/arsmelding-sau-2018.pdf>

Opplysningar om sauerasar kan de finne her: <http://www.nsg.no/saueraser/category694.html>

Det må difor brukast skjønn, og det må leggjast ei heilskapleg vurdering av heile søknadsåret til grunn for å kunne konkludere om vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt. Det må leggjast vekt på:

- God agronomisk praksis og godt husdyrhald
- Næringsmessig preg



- Leveransane frå produksjonen skal stå i samsvar med tal dyr eller areal
- Må vurdere om produksjonen er for ekstensiv eller manglar næringsmessig forankring
- Må ta høgde for ulike driftsmåtar og normale variasjonar i drifta
- Kan også ta individuelle omsyn

Sakshandsamar skal vurdere forhold som kan forklare avvik frå vanleg produksjon, og om desse tilseier at søkjaren likevel kan ha rett på tilskot. Det er ofte nyttig å sjå tilbake nokre år for å sjå på utviklinga i produksjonen før eit vedtak vert gjort.

Vurderingane av vanleg jordbruksproduksjon bør dokumenterast. Det er oversiktleg og ryddig om vurderingane vert lagt inn i eStil-PT. Det kan til dømes gjerast i «*Begrunnelse for vedtak*» eller under «*Kommentardialog*» (kan om ønskjeleg leggast slik at søkjar ikkje ser det, men i dei fleste tilfella er det rett at søkjar kjenner til at kommunen har vurdert «vanleg jordbruksproduksjon») eller last ned vedlegg.

Ver merksam på ordbruken i vedtak; Er konklusjonen at det ikkje er vanleg jordbruksproduksjon, oppfyller ikkje søkjar grunnvilkåret og har ikkje rett på tilskot til den aktuelle produksjonen. Det vert då eit avslag og ikkje avkorting. Det må i tillegg vurderast avkorting for feilopplysningar. Føretaket må få varsel og moglegheit til å uttale seg før vedtak vert gjort.

Hugs at svak drift kan ha samanheng med dårleg dyrevelferd. Informer difor Mattilsynet når det vert gjort vedtak om at det ikkje er vanleg jordbruksproduksjon eller elles ved mistanke.

06.11.2019